



Inger Helen Røyset Grøtta
Holtelisvingen 8
2870 DOKKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9154 - 20/29939

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
20.05.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 441/15

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 441/15
Tiltakshavar: Inger Helen Røyset Grøtta og Jan Otto Røiseth

Alver kommune har den 07.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 06.05.2020 vart registrert lågt nivå og at det manglar dykk utløp i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Radøyvegen 1907, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 18.07.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøve, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når tilstanden er reparert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Inger Helen Røyset Grøtta
Jan Otto Røiseth

Holtelisingen 8
Radøyvegen 1909

2870 DOKKA
5936 MANGER